

PRAKTISK INFORMASJON OM FJONE BARNEHAGE



Barnehageåret 2019/2020

Tilsette i Fjone barnehage:

Natalie Z. Bråthen

35% styrar og 65% pedagogisk leiar

Turine Wik Kåsa

85% pedagogisk leiar

Nathalie Bruikman

70% assistent

Liv Irene Mandt Lindvik

80% barne .og ungdomsarbeider

Avdeling:

Fjone barnehage er ein barnehage med ei avdeling med barn frå 1-5 år. Det er totalt 14 barnehageplassar i barnehagen.

Praktisk informasjon:

Barnehageåret tek til i veke 33 og sluttar i veke 32 året etter.

Opningstid:

Kl. 07.15-16.45

Barnehagen er godkjent for barn frå 1 år.

Føresette kan velje mellom 2, 3, 4 eller 5 dagars tilbod

Frist for å seie opp barnehageplassen er ein måned gjeldande frå den fyrste fylgjande månaden

Barna har opphaldstida si i barnehagen frå 07.15, og må vere ute av barnehagen innan 16.45

Frokost i barnehagen:

Frokosten er frå 07.15-08.30.

Barna får servert frokost, lunsj og fruktmåltid kl 14.

Tilvenning:

Tilvenning i barnehage er ofte ein utfordring for både foreldre og barn. Det er heilt naturleg å kjenne på vanskelige kjensler knytt til tilvenningsperioden. Målet med tilvenning er å gje barnet ein trygg og god base, som er grunnleggande for å bygge relasjonar og vidare utvikling. Vi praktiserar gradvis tilvenning. Alle barn er individuelle, og det er viktig med ein god dialog mellom heim og barnehage i denne prosessen.

I Fjone barnehage blir nye foreldre kaldt inn på ein oppstarsamtale med primærkontakt i god tid før tilvenning av barnet. Der blir det utveksla viktig informasjon om barnet. Det gode foreldresamarbeidet startar her.

Dagsrytme i Fjone barnehage:

07. 15	Barnehagen opnar
07.15-08.30	Frokost i barnehagen
08.30 – 11.00	Leik og aktivitetar
11.00- 11.30	Lunsj
11.30 – 12.00	Skifte bleier/do/ legge barn/ kle på- ut
12.00 – 14.00	Uteleik
14.45	Frukt
14.45	Bleieskift/do
15.00-16.45	Leik og aktivitetar
16.45	Barnehagen stenger

Nissedal – ein trafikksikker kommune:

Nissedal kommune har, som den fyrste kommunen i landet fått status som «trafikksikker kommune». Ei slik godkjenning er eit kvalitetsstempel for godt arbeid rundt trafikksikkerhet i kommunen. Trafikkopplæring skal vere ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen, og personalet skal vere bevisst i sine roller knytt til tema. Det er utarbeida retningslinjar på korleis vi kan unngå ulykker i HMS arbeidet vårt. I samanheng med dette ynskjer vi eit nært samarbeid med foreldre i barnehagen.

Vy ynskjer at foreldre er:

- Bevisste på å vere ein god rollemodell for barna
- At dei sikrar barna forskriftsmessig i bilen
- At barna alltid går saman med foreldre på parkeringsplassen
- At porten til barnehagen **alltid** er stengt
- At bilen ikkje går på tomgang utenfor barnehagen
- At de rygger inn når de skal parkere

Ferie:

Føresette betalar for barnehageplassen 11 månader i året. I fylgje vedtektene skal barna ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, og 3 av dei skal vere samangengande. Ferien skal meldast til barnehagen innan 20. april i ferieåret. Barnehagen er stengt 2 veker i juli. Uke 29 og 30.

Jul/Påske:

Barnehagane er stengt juleaften og påskeaften, og virkedagane mellom jul og nyttår, og dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.

Kjøp av ekstra dagar:

Barn som har plass i barnehagen kan kjøpe ekstra dagar dersom det er ledig kapasitet. Det er styrar og/ eller pedagogisk leiar som har mynde til å ta avgjørrelser rundt dette. Foreldre betalar for dagen gjennom foreldrebetaling. Pris pr. dag er kl. 360 kr, + 20 kr for mat.

Sjukdom:

Allmenntilstanden til barnet må vere slik at barnet kan fylgje opplegget i barnehagen. Det er allmentilstanden som avgjør om barnet er friskt eller ikkje. Er de usikre, kontakt lege eller helsesyster.

Samarbeid med andre instanser:

- Helsestasjonen
- PPT
- Barnevernstjenesten

Desse tenestene gjev råd og rettleiing, og hjelper til med å legge til rette for opplegg ved særskilte behov. Slikt samarbeid og rettleiing skjer i nært samband med heimen.

Samarbeid barnehage – skule:

Rammeplanen pliktar kommunen til å lage ein plan for -overgangen barnehage – skule. Fjone barnehage har ingen skulestratere barnehageåret 2019/2020.

Foreldrerådet:

Alle foreldre i barnehagen utgjer foreldrerådet. Barnehagen veljer ein foreldrerådsrepresentant som òg er SU representant.

Foreldrerådsrepresentant: Monica Hauge
Vara: Kjetil Fossli

Samarbeidsutval:

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval sett saman av foreldre og tilsette med lik representasjon.

SU i Fjone barnehage barnehageåret 2019/2020:

Foreldrerådsrepresentant: Monica Hauge
Vara: Kjetil Fossli

Personalrepresentant: Turike Wik Kåsa
Vara: Liv Irene Mandt Lindvig

Sekretær: Natalie Z. Bråthen

